

**Fra:** Kyrkjeverje [mailto:Kyrkjeverje@kyrkja.net]

**Sendt:** 9. september 2010 13:35

**Til:** Postmottak FAD

**Kopi:** ØyvindSolsvik; Martinsen Svern; LinnK.KnappenAndersen; Kårbø Andreas; GisleRong; Fjeldstad Kristen Olai; ErlingVik; Dåvøy, Atle

**Emne:** Høyringsuttale - Endringar i gravferdslov og kyrkjelov

## **Øygarden kyrkjelege Fellesråd(ØKF) takkar for høvet til å leggja fram dette Høyringsnotatet i samband med arbeidet med ny gravferdslov og kyrkjelov.**

### **Innleiing:**

I utkastet vert det reist ei lang rekke problemstillingar. Vi kan her bare drøfte dei vi opplever som dei viktigaste.

Den viktigaste problemstillinga *bak* saka er frå vårt synspunkt utan tvil følgjande:  
"Lat oss ikkje kasta ut den kristne arven i landet vårt for i staden å ta i bruk ein uklar "nøytralitet". (Sitat frå leiar i kyrkjebladet)

Det vert for enkelt og for lite gjennomtenkt og la juristar og politikarar komme opp med "nøytralitet" som svar på "multikulti"-problematikken. Dette vil kunne føra til at me legg til rette for at den kristne arven til Noreg kan verta kasta ut til fordel for mangfaldet.

Kommentarar til høyringsnotat:

## **4. RELIGIØST BEGRUNNEDE ØNSKER VED GRAVLEGGING**

### **4.2 Hovedbestemmelse om hensynet til avdødes religion eller livssyn**

### **4.3 Særskilt tilrettelagte graver**

#### *ØKF meiner*

at deler av desse avsnitt er uheldig utforma. Samstundes som vi slår fast at alle trusstandpunkt må respekterast når det gjeld gravferdsmåte, må vi få minne om at mange gravstader(og kyrkjer) i kristen tid i Noreg er orienterte aust-vest etter kristen tradisjon, Matt.24,27. (Sjå óg Norsk Salmebok 777). (Medan ønsket om "at muslimers graver bør være orientert mot Mekka" er ganske nytt i vårt land.) Respekt for nye landsmenn er sjølvsagt, men kva med respekten for landet vårt sin kristne tradisjon hjå lovgjevar? Stadig vert óg etter kristen skikk dei døde mange stader gravlagte med "hovudet mot aust" for å markere at dei ser fram mot oppstoda og det evige liv. Jfr. gravferdsliturgien, kor presten rett etter jordpåkastinga les anten Joh.11,25-26 eller 1.Pet. 1,3.

### **4.5 Fra vigsling av kirkegård til seremoni på gravlund**

#### *ØKF meiner*

at *gravplass* er eit betre ord enn *gravlund*. Dette ordet er alt i bruk mange stader, ikkje minst på landet, ikkje minst der det ikkje er ei kyrkje i nærleiken. Men *gravplassar* i nærleiken av kyrkjer bør framleis ha namnet kyrkjegard.

Ingen kyrkjegardar som alt er vigsla må verta krevd "avvigsla"!

*ØKF meiner* óg at det i dette avsnittet er innført fleire problematiske omgrep, ikkje minst utkastet til lovtekst:

*En slik høytidelighet må ikke utformes eller gjennomføres slik at den forhåner eller på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for de andre tros- eller livssynssamfunnene...*

*ØKF meiner*

at det er heilt uhøyrte at kyrkjelege vigslingar, inklusive kyrkjegardsvigslingar skulle kunne "forhåne", "såre" eller "vise ringeakt" for "andre trus- eller livssynssamfunn".

Derimot er respekt for andre trusstandpunkt og synspunkt noko som er sjølv sagt, og som alltid har vore ein del av både vår kyrkjelege og demokratiske tradisjon.

Gravplassar, eller deler av dei må framleis etter kristen og kyrkjeleg tradisjon kunne vigslast i Den Treeine Gud sitt Namn.

#### **4.6 Frister ved gravferd og kremasjon**

*ØKF meiner*

at det er uklokt å endre åttedagarsregelen. Gravferd bør uansett finne stad så snart som praktisk mogleg av omsyn til sorgarbeidet.

#### **4.7 Askespredning**

#### **4.8 Gravferdslovgivningens allmenne karakter**

##### **4.8.1 Lovregulering av kirkelig medvirkning ved askespredning**

Her vert sagt at "De aller fleste søknadene om askespredning kommer fra medlemmer av Den norske kirke."

*ØKF meiner*

at "eventuell kirkelig medvirkning ved selve askespredningen" ikkje må innførast, då askespredning ikkje har kristen bakgrunn.

#### **5.1 Rett til grav for dødfødt barn m.m.**

Det er gjort framlegg om slik endring:

"§ 9. Hvem som sørger for gravferden

Andre ledd siste punktum skal lyde:

*Ektefelles rett etter denne bestemmelsen gjelder tilsvarende for person som levde i ekteskapsliknende samboerskap med avdøde da dødsfallet fant sted."*

*ØKF meiner*

at framlegget er enno eit steg i retning av å relativisere det tradisjonelle synet på ekteskapet i landet vårt. Det er óg lite eigna til å møte eit aukande tal på vanskelege situasjonar i møte med pårørande, både for gravferdsbyrå og kyrkja, då óg personar frå tidlegare forhold kan ønskje å "sørge for gravferda". Det gamle systemet med næraste pårørande i "ned-og oppoverstigande" line var betre.)

#### **5.3 Endring av meldingsrutinar**

*ØKF meiner*

at rutinane er gode på papiret, inkl. Departementet sitt skjema, men ikkje sjeldan kjem dokumentasjonen i seinaste laget. Det er vanskeleg å sjå at årsaka er annleis enn byråkrati i det offentlege. ØKF tvilar på at framlegget i dette punktet vil gjere situasjonen betre.

## 5.4 Krigsgraver

*ØKF meiner*

det er bra at krigsgraver får betre vern, men spør om formuleringa er sterk nok. Gravene til avretta motstandsfolk og slavearbeidarane under nazismen må óg gjevast vern for framtida.

## 6.1 Tilpasningar til ny organisering av prestetjenesten

Her vert sagt:

*Begrepet prestegjeld har ingen annan selvstendig betydning enn som betegnelse på prestens tjenstedistrikt...Begrepet prestegjeld foreslås derfor nå tatt ut av kirkeloven. Endringen innebærer at de prestestillinger som til nå fortsatt har hatt et prestegjeld som tjenstedistrikt, vil få prostiet som tjenstedistrikt.*

### 1. ØKF MEINER

at dette er uheldig, og at ein ved å kaste ut prestegjeldet som nemning og organisasjon kastar ein ut ein lang og stolt åndeleg tradisjon i Dnk, som godt kan kallast "landsbypresttenesta." I tillegg høyrer vi ofte frå prestar som kom inn under endringane i Tenesteordninga 2004 at dei ikkje er nøgde. Presteteneste "på rotasjon" vert ikkje det same. Det er ikkje noko som kan erstatte "førstelinepresten", "vår prest".

ØKF er sterkt usamd og motset seg endringa. Det må óg til forhandlingar mellom arbeidsgjevar og prestane som vert råka av dette, som ser ut til å vere tenkt som eit "pennestrøk".

*Soknepresten i Øygarden* meiner vidare at dette framlegget er i strid i med føresetnaden for innføring av ny tenesteordning.

### 2. SÆRMERKNAD FRÅ PRESTANE I BJØRGVIN SIN REPRESENTANT I BISPEDØMERÅDET, SAK 65/10:

Medlemmet Roar Strømme gjorde framlegg om at bispedømerådet skal legge til følgjande merknad: Bispedømerådet føreset at dei prestane som får utvida tenestedistrikt ikkje får dårlegare vilkår enn dei som allereie har fått utvida tenestedistrikt.

Rong, 7.september 2010

Atle Dávøy/s/  
Leiar

Svenn Martinsen  
Sokneprest